## Frisering her og der

23.07.2013



**Frisering er viktig - både når det handlar om eigen frisyre eller den natur-ramme som omgjev oss.**

**Akkurat no bør han som har frisert**
**den fine plenen ved badeplassen berømmast for god jobb.**
**Dei badande er svært godt fornøgd**
**med omgjevnadane (biletet over)**
**men dei har ikkje noko imot at det blir rydda litt meir på sjølve stranda.**

Så er det omgjevnadane til kyrkja.
Frå båtlaget vert det påpeika at vegetasjonen
rundt denne ha fått veksa altfor fritt i det siste.
Faktisk kan ein ikkje sjå eit einaste
anna hus sett frå visse punkt i hamna og ein
kan spørja: Kor er Uskedalen
(biletet under)?

Trerekkja bør friserast kraftig før 100-årsjubileet, vert det påpeika
frå båtlaget. Dei har for sin del frisert ein god
del og det har også Systrene Nilsen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

